



Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

Tom Skauge sette fram oversendingsforslag

Administrasjonen legg fram sak med tid og kostnader som kø på vegane gjev bussane som køyrer for Skyss.

Forslag frå eit samla utval

Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland også bør omtala grensesnittet mot drosjenæringa. I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Samferdselsutvalet sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Framlegg til Kollektivstrategi for Hordaland gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle kollektivtransporten i fylket.
2. Kollektivstrategi for Hordaland vert sendt på høyring med høyringsfrist 28. mars 2014.
3. Fylkesutvalet meiner at Kollektivstrategi for Hordaland også bør omtala grensesnittet mot drosjenæringa. I tillegg bør det seiast noko meir om strategien for kollektivtrafikken utanom Bergensregionen.

Oversendingsforslag frå Tom Skauge

Administrasjonen legg fram sak med tid og kostnader som kø på vegane gjev bussane som køyrer for Skyss.